

## PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE 2014

---

**TID:** 26.april kl. 15-17.30, 27.april kl. 9-11

**STAD:** Fagernes hotell

### Sak 1 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent

### Sak 2 Namneopprop og godkjenning av fullmakter

Oppropet dag 1 viste 47 representantar med røysterett

- 39 representantar frå medlemslaga
- 1 utøvarrepresentant
- 7 representantar frå styret

Oppropet dag 2 viste 46 representantar med røysterett

- 39 representantar frå medlemslaga
- 1 utøvarrepresentant
- 6 representantar frå styret

### Sak 3 Val av møteleiar og protokollførar

Vedtak:

Møteleiarar: Trond Ole Haug og Ingrid Heieren

Protokollførarar: Liv Ulvik og Linda Dyrnes


### Sak 4 Val av to til å underskrive protokollen, redaksjonskomité og tellekorps

Vedtak:

Til å skrive under protokollen: Thor Hauknes og Veslemøy Fjerdingstad

Tellekorps: Tormod Øvrebø og Sigrid Jore

Redaksjonskomité: Aud Manheim, Tor-Erik Jenstad, Kjellbjørn Karsrud

  
Thor Hauknes:

  
Veslemøy Fjerdingstad:

### **Sak 5 Årsmelding 2013 for FolkOrg.**

Per Øyvind Tveiten og Mari Skeie Ljones la fram årsmeldinga

Vedtak:

Årsmøtet vedtek årsmelding 2013 slik den ligg føre, med tillegg om utnemning av heidersmedlem, og nokre mindre korrigeringar.

### **Sak 6 Rekneskap 2013 for FolkOrg**

Per Øyvind Tveiten la fram rekneskapen for 2013

Vedtak:

Rekneskapen for FolkOrg 2013 vart godkjend.

### **Sak 7 Melding frå tilsynsnemnda**

Møteleiar Trond-Ole Haug la fram meldinga på vegne av tilsynsnemnda.

Vedtak:

Melding frå tilsynsnemnda vart teke til orientering.

### **Sak 8 Langtidsplan for FolkOrg, med særskilde satsingar for perioden**

Helene Myklemyr Bolstad og Jan Heier la fram Langtidsplan for FolkOrg

Leikny Åsen kom med framlegg til nytt kulepunkt under Rådgiving/opplæring/service:

- Aktiv kontakt med lokallag og områdelag

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Årsmøtet vedtok Langtidsplan for FolkOrg med særskilde satsingar for perioden slik han ligg føre, med eit nytt kulepunkt under Rådgiving/opplæring/service:

- Aktiv kontakt med lokallag og områdelag.

### **Sak 9 Fastsetjing av medlemspengar**

Årsmøtet 2013 vedtok medlemspengar for 2015 og 2016, det var difor ikkje naudsynt å ha det opp som sak i år, sjølv om det i høve vedtektene skal opp på årsmøte.

Kjellbjørn Karsrud kom med følgjande framlegg til vedtak:

Thor Hauknes:

Veslemøy Fjerdingsstad:

Styret i FolkOrg skal fram til neste årsmøte greie ut moglegheitene for å innføre familiemedlemskap, samtidig som ein kan sjå på moglegheitene for å få ei ordning der folkemusikksympatisørar kan vere støtte medlemmar.

Framlegget vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Styret i FolkOrg skal fram til neste årsmøte greie ut moglegheitene for å innføre familiemedlemskap, samtidig som ein kan sjå på moglegheitene for å få ei ordning der folkemusikksympatisørar kan vere støtte medlemmar.

**Sak 10 Revidert budsjett 2014**

Hilde Reitan presenterte styret sitt framlegg til revidert budsjett for 2014

Vedtak:

Årsmøtet vedtek revidert budsjett 2014 slik det ligg føre.

**Sak 11 Budsjett 2015**

Hilde Reitan presenterte styret sitt framlegg til budsjett for 2015

Vedtak:

Årsmøtet vedtek budsjett 2015 slik det ligg føre.

**Sak 12 Endring i frekvens på generalforsamling i FolkOrg**

Per Øyvind Tveiten la fram saken

Vedteke mot 3 stemmer

Vedtak:

- a) FolkOrg går over til å ha Landsmøte kvart andre år. Det vert møte i 2015, deretter kvart andre år.
- b) Framlegg til endring av vedtektene vert vedteke:
  - **Generelt i vedtektene vert "Årsmøte" erstatta med "Landsmøte".**
  - **§ 5 første setning vert endra frå:**

"§ 5 Årsmøte  
Årsmøtet er høgste organ i organisasjonen og skal haldast kvart år innan utgangen av april månad."

**til:**

"§ 5 Landsmøte

Thor Hauknes:

Veslemøy Fjerdingstad:

Landsmøtet er høgste organ i organisasjonen og skal haldast kvart andre år innan utgangen av april månad. ”

➤ **§ 8 vert endra frå:**

”§ 8 Saker på årsmøtet

Årsmøtet handsamar:

- årsmelding
- rekneskap
- prinsippprogram
- arbeidsprogram
- fastsetjing av medlemspengar
- budsjett
- oppnemning av revisor
- innkomne saker
- val av tillitsfolk

Rekneskapen følgjer kalenderåret.”

**til:**

”§ 8 Saker på Landsmøtet

Landsmøtet handsamar:

- årsmelding for dei to siste åra
- rekneskap for dei to siste åra
- Langtidsplan
- fastsetjing av medlemspengar
- budsjett
- oppnemning av revisor
- innkomne saker
- val av tillitsfolk

Rekneskapen følgjer kalenderåret.”

➤ **§ 9 vert endra frå:**

”§9 Val av tillitsfolk

Årsmøtet vel eit styre på sju personar:

- ein styreleiar for eitt år
- to nestleiarar for to år slik at det kvart år er ein nestleiar på val
- fire styremedlemmer for to år slik at det kvart år er to styremedlemmer på val

Årsmøtet vel også:

- tre varamedlemmer til styret for eitt år
- 3 medlemmer til fagutval for yrkesutøvarar, ein leiar og to medlemmer. Desse skal veljast for 2 år, men slik at ikkje alle tre er på val samstundes

Thor Hauknes:

Veslemøy Fjerdingsstad:

- ei valnemnd på tre medlemmer for tre år, slik at det kvart år kjem ein ny medlem inn i valnemnda

Årsmøtet kan velje ei tilsynsnemnd på tre medlemmer for tre år, slik at det kvart år kjem ein ny medlem inn i tilsynsnemnda.

Når årsmøtet vel tillitsfolk, skal det velje eit mest mogleg representativt utval av medlemsmassen.

To av styremedlemmene skal tilhøyre gruppa av yrkesutøvarar innanfor folke musikk og/eller folkedans. Ein av desse skal vera leiar eller nestleiar.”

**til:**

”§9 Val av tillitsfolk

Landsmøtet vel eit styre på sju personar

- ein styreleiar
- to nestleiarar
- fire styremedlemmer

Landsmøtet vel også:

- tre varamedlemmer til styret
- 3 medlemmer til fagutval for yrkesutøvarar, ein leiar og to medlemmer.
- ei valnemnd på tre medlemmer .
- Landsmøtet kan velje ei tilsynsnemnd på tre medlemmer

Valperiode for alle er to år. Landsmøte bør arbeide for å få kontinuitet i styre, arbeidsutval, fagutval for yrkesutøvarar, valnemnd og tilsynsnemnd.

Når landsmøtet vel tillitsfolk, skal det velje eit mest mogleg representativt utval av medlemsmassen.

To av styremedlemmene skal tilhøyre gruppa av yrkesutøvarar innanfor folkemusikk og/eller folkedans. Ein av desse skal vera leiar eller nestleiar.”

➤ **§ 12 vert endra frå:**

”§12 Styret sine oppgåver  
Styret skal

- drive laget i samsvar med vedtekter, føremål og årsmøtevedtak
- førebu saker til årsmøtet
- godkjenne medlemskap og vedtekter for lokallag, faglag og områdelag
- tilsetje dagleg leiar og utarbeide instruks for stillinga.
- tilsetje det administrative personalet som organisasjonen til kvar tid har økonomi til og behov for.

Thor Haukenes:

Veslemøy Fjerdingsstad:

- I alle saker som ifølgje vedtektene ikkje er lagde til årsmøtet, kan styret ta endelege avgjersler. ”

**til:**

”§12 Styret sine oppgåver

Styret skal

- drive laget i samsvar med vedtekter, føremål og landsmøtevedtak
- førebu saker til landsmøtet
- godkjenne medlemskap og vedtekter for lokallag, faglag og områdelag
- tilsetje dagleg leiar og utarbeide instruks for stillinga.
- tilsetje det administrative personalet som organisasjonen til kvar tid har økonomi til og behov for.
- I alle saker som ifølgje vedtektene ikkje er lagde til landsmøtet, kan styret ta endelege avgjersler.
- Godkjenne rekneskapen og årsrapport det året det ikkje er landsmøte.”

### Sak 13 Oppnemning av revisor

Vedtak:

BDO Noraudit blir oppnemnd som revisor for FolkOrg i 2014.


### Sak 14 Val

Tor Erik Jenstad la fram valnemnda sitt framlegg

Vedtak:

Styreleiar: Per Øyvind Tveiten	attval, for 1 år
Nestleiar: Helene Myklemyr Bolstad	attval, for 2 år
Nestleiar: Mari Skeie Ljones	ikkje på val
Styremedlem: Jan Heier	ikkje på val
Styremedlem: Hilde Reitan	ikkje på val
Styremedlem: Olav Luksengård Mjelva	for 2 år
Styremedlem: Tove Leinslie	for 2 år
1. vara: Gro Marie Svidal	for 1 år
2. vara: Gudrun Folkedal	for 1 år
3. vara: Thor Hauknes	for 1 år

Mari Skeie Ljones og Olav Luksengård Mjelva representerer yrkesutøvarar

  
Thor Hauknes:

  
Veslemøy Fjerdingsstad:

Fagutval for yrkesutøvarar:

Nina Fjeldet	for 2 år
Silje Onstad Hålien	for 2 år
Vegar Vårdal	ikkje på val

Tilsynsnemnd:


Arne M. Sølvberg	ikkje på val (1 år att av valperioden)
Aud Søyland	ikkje på val (2 år att av valperioden)
Tor Stallvik	for 3 år

Valnemnda:

Sigurd Johan Heide	ikkje på val, 1 år att av valperioden
Torunn Raftevold Rue	ikkje på val, 2 år att av valperioden
Aslak Brimi	for 3 år

Alle vart valde ved akklamasjon.

**Protokollen er godkjend:**

  
Thor Hauknes

  
Veslemøy Fjerdingsstad

Thor Hauknes:

  
Veslemøy Fjerdingsstad: